



Årsplan 2011 - 2012

ÅDALEN Barnehage



Time kommune



Innleiing og kvalitetssatsing

Barnehagane i Time kommune arbeidar med utgangspunkt i Lov om barnehagar og forskrift om rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagane i Time skal skape kultur for og grunnlag for livslang læring. Rammeplanen for barnehagen pålegg alle barnehagar å laga ein årsplan og som visar korleis rammeplanen og barnehagelova skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Denne planen skal gi informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdraging, leik og læring.

TIME KOMMUNE - TRYGG OG FRAMTIDSRETTE

Kommunen skal vera prega av :

Ansvar

Engasjement

Gjensidig respekt

Optimisme

Visjon og mål for pedagogisk arbeid	3
Dagleglivet i barnehagen.....	6
Pedagogisk grunnsyn	6
Omsorg, leik og læring.....	7
Fysisk miljø og nærmiljø	6
Vekeplan	7
Gruppeorganisering.....	7
Satsingområde	8
Medverknad.....	6
Barnemedverknad	7
Foreldremedverknad	8
Vår møtestandard	9
Pedagogisk årshjul.....	10
Fagområda	12
Samarbeidspartnarar	13
Administrativt årshjul	14

Visjon og mål for pedagogisk arbeid

Visjon til oppvekst:

Alle barn skal ha oppvekstvilkår som gjev dei lyst på livet og evne til å meistre det.

Visjon til barnehagen:

ALLE VAKSNE I ÅDALEN BARNEHAGE ARBEIDER FOR AT

DET ENKELTE BARN OPPLEVER AT:

Ådalen barn:



For å nå visjonen har me utarbeida ei eiga handbok i gruppeleiing. Me har satt ein eigen standard for desse punkta, definert områda og satt opp korleis me skal jobbe med punkta

- Barn og foreldre skal ha medverknad.
- Barna skal ha individuelt tilpassa utfordringar.
- Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon.
- Barn og foreldre skal føle seg trygge i barnehagen gjennom samarbeid og forståing. Foreldre og føresette skal bli møtt med openheit og innsikt i deira behov og ønske. Dei kjenner tryggleik for at deira barn blir ivaretekne.
- Barna skal ha eit omsorgs- og læringsmiljø som fremmer trivsel, livsglede, respekt, likeverd og meistring.

For å nå vår visjon stiller me følgjande krav til måten me vaksne arbeider på:

- Me organiserer og planlegg slik at barn og foreldre får tid og rom for medverknad.
- Me skal aktivt lytte, støtte og utfordre barn ut frå deira føresetnader.
- Me er i stadig endring og utvikling som læringsarena for barn og vaksne. I møtet er me tydelege og trygge på eigen kompetanse.
- Me er ein kulturmøtestad for barn og foreldre.
- Me skal aktivt arbeide med omsorg og læring. Personalet skal i samspel med barna medvirke til at barnas individualitet. Sjølvhevdning skal skjje trygt innanfor fellesskapets normer og reglar.
- Me nyttar primærgrupper og arbeider aktivt for at kvart barn utviklar prososial åtferd.
- Me har eit deltakande, kvalifisert og reflektert personale som er i kontinuerleg utvikling, stiller spørsmål i kvardagen og kjenner glede over eigne arbeidsoppgåver. Dei opptrer støttande ovanfor kvarandre.


Visjonen og vår arbeidsmåte er knytta til formelle og uformelle lærings situasjonar i vårt pedagogiske arbeid. Me er aktive i forhold til barna sine læringsprosessar. Personalet som rollemodell deler av sin kunnskap, engasjement og oppfinnssemde. Læring og omsorg skal vere prega av kvalitet i samspel mellom barn og vaksen.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon som er prega av planar, refleksjon og vurdering. Som verktøy nyttar me kvalitetskrysset, lærings sirkelen og Levit`s diamant. Gjennom kunnskap om barns utvikling individuelt og i gruppe skal me ha fokus på handling. Me ser på utviklingsarbeid som ein kollektiv basert læringsprosess.

- **Kvalitetskrysset**
Me bruker kvalitetskrysset ved evaluering og refleksjon.


Kva er bra?	Kvifor?
Kva kan bli betre?	Korleis?

- **Lærings sirkelen.**
All læring er basert på lærings sirkelen. Fokus på handling.



Levitts diamant

For å vere ein lærande organisasjon nyttar me modellen til Levitts. For å få ein varig positiv endring må me trykke på alle faktorane samtidig som me tek omsyn til omgjevnadane. Fyrst då skapar ein varig endring av åtferd.



Dagleglivet i barnehagen

Pedagogisk grunnsyn

Barnehagen skal støtte og ta omsyn til kvart enkelt barn, samstundes som omsynet til fellesskapet skal ivaretaast. Me trur på eit heilskapleg læringsssyn. Det betyr at barna si utvikling er dynamisk og eit tett samanvevd samspel mellom deira fysiske og mentale føresetnadar og miljøet som dei veks opp i. (Jfr rammeplanen kap. 1.3.)

Omsorg, leik og læring

Omsorg, leik og læring er ein sentral del av barnehagen sitt daglege innhald. I tillegg legg me stor vekt på sosial og språkleg kompetanse, samt dei sju fagområda.

(Jfr barnehagen sitt samfunnsmandat)

Leik er den viktigaste måten å lære på. Barna har høg kompetanse og engasjement i leik. Me ønskjer å ytterlegare styrke denne livs- og læringsforma gjennom å leggje tilrette for leik både fysisk og organisatorisk.

I barnehagen legg me stor vekt på leik gjennom heile dagen, og me søkjer å ha eit inne- og utemiljø som er leikinspirerande for barna.

Fysisk miljø og nærmiljø

Me har eit ute- og innemiljø som fremmar leik og varierte aktivitetar for alle.

Barnehagen er laga slik at ein lett kan variere bruken av utstyr og rom tilpassa aktiviteten. Det er lagt stor vekt på fleksible rom, god lyddemping og eit spanande utemiljø. Bygga er bygd etter prinsippet universell utforming - bygg for alle. Me har snekkerbod, veksthus og bålgrue ute. Me nyttar Frøyhallen og har eigen ballbinge!

Vekeplan

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Førskulegruppe	Møtedag for personalet	Førskulegruppe	Miljødag	Fellessamling første i mnd
Samling	Leikedag	Samling	Samling	Samling
Aktivitet	Gymsal	Gymsal	Aktivitet	Aktivitet

Gruppeorganisering

Me har 3 avdelinger. På Knatten går barn mellom 0-3 år. Dei organiserer seg i mindre leikegrupper etter behov. På Trianten og Blåberget går barn mellom 2-6 år. Nytt av året er at vi utvider med 7 småbarn. Desse vil ha eige leike, sove og stellerom på avdeling blåberget. Det er viktig for oss å ha eit pedagogisk tilbod som sikrer at barna får knytte vennskap og lærer å ta hensyn, dele og hjelpa kvarandre på tvers av alder. Dette vil vi sikre i måten vi har organisert barnegruppene på dei ulike avdelingane. Dei eldste barna har eiga førskulegruppe to gonger i veka. På desse dagane vil det fortrinnsvis være tur, aktivitet i gymsal og pedagogisk opplegg i veksthuset/snekkerrom.

Satsingområde:

Vi vil ha desse 4 satsingområda for barnehageåret 2011-2012:

1Samarbeid barnehage -heim. Eit kontinuerlig samarbeid til barns beste står i fokus.

2Helse- tannpleie-kosthald. Dette er nytt i år. Vi ser eit stort behov for å auke kompetanse hjå personal- og foreldregruppa. Dette vil vi knytte saman med prosjektet vårt om kardemomme by.

3Nærvær for personalet. Vi har ei stabil personalgruppe med god trivsel. Me arbeider for at fråværet skal være så lågt som mogleg.

4Relasjonertilknytning. Vi har god kompetanse på barns tilknytning og relasjonertilknytning med barn. Dette skal kome kvart barn til gode gjennom dagleg kontakt og individuelle mål

I tillegg kjem satsing i forhold til prosjektet om barn i andre land, og kardemomme by ,samt satsing på ikt og natur for førskulegruppa.

Medverknad

Barnemedverknad

MÅL: Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider ved sitt liv i barnehagen.

Barn gjer uttrykk kroppslig og språkleg korleis dei har det. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler. Dei må oppmuntrast aktivt til å gi uttrykk for tankar og meiningar, og møte anerkjenning for uttrykka sine. For at barna skal kunne medverka må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

I Ådalen barnehage tek me barna på alvor og gjer dei medverknad. Dette betyr:

- tru på barnet
- sjå barnet
- lytta og snakka med dei
- barna må føle seg verdifulle.

Foreldremedverknad

MÅL: Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetstilgjenge i nær forståelse og samarbeid med heimen. (Bhg.lova §1 Formål)

Under kolumna med dokumentasjon står det kvar dokumentasjonen skal gjennomførast og kvar dokumenta skal lagrast. Under kolumna vurderer står det kven som har ansvaret for å vurdere dokumentasjonen.

Kva	Del mål.	Gjennomføring	Dokumenta- sjon	Vurderer
Oppstart samtale.	-Få ein god overgang -Forståing og samarbeid	- Drøfte med foreldra kva dei ønskjer å medverke i, og korleis. - Kva er viktig for det enkelte barn. - Mål for individuell oppfølging	Barne- mappa. HMS.	Pedagogisk leiar Styrrar Verneombod
Bringe og hente situasjonen	- Førståing og samarbeid. - Gjensidig respekt - Openheit og tillit. - Lytte og vise innsikt. - Regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon	- Møte med barn og foreldre. - Tar imot beskjeder, og informerer vidare. - Registrere barnet. - Utvekslar informasjon.	Foreldre- samtalar HMS	Foreldre Pedagogisk leiar. Styrrar Verneombod.
Samarbeidsutval (SU)	-Medverknad og innsyn.	- Godkjenne årsplan. - Drøfte høyringar og praktisering av verdigrunnlag. - Info om dagleg drift og økonomi.	Saks- mappe	Samarbeids utvalet
Foreldreråd (AU)	- Reell medverknad - Barnehagen er open for kva foreldra ventar og ynskjer.	- Samtale og synspunkt kjem fram. - Gruppearbeid.	Saks- mapper	Styrrar Verneombod
Foreldre- møte.	- Drøfte praktisering av verdigrunnlag.	- Ulike metodar blir nytta.	HMS.	Styrrar.
Foreldre- samtalar	- Skape godt grunnlag for tryggleik, utvikling, livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.	- Gjennomførast ved behov. - Trivsel / utvikling til barnet og den pedagogiske drifta skal drøftas. - Rettleiing når det gjeld omsorg og oppdragar oppgåver - Info. om hjelpeinstansar - Individuell opplæring.	Barne- mapper HMS.	Pedagogisk leiar Personale. Styrrar Verneombod.

VÅR MØTESTANDARD

Alle sine meninger
er like viktige og
alle får seie det
dei meiner

Me lyttar aktivt og
er interessert i det
dei andre seier

Me har respekt
og omsorg for
kvarandre



Alle er trygg på at
alle held
taushetsplikten
sin

Me møter
forberedt og
held oppsatte
avtaler

Pedagogisk årshjul

Mål: Alle barnehagar skal ha ein plan over arbeidet slik at det blir eit system som sikrar det pedagogiske arbeidet, og er fôrutsigbart for alle i planlegginga.

Månad	Kva skjer i Kommunen	Ansvar
	Kva skjer i barnehagen	
August	Oppstart av nytt barnehageår 16.august Planleggingsdag 15.august	Styrrar
	Bli kjent- vi set standard for samvær Fellessamling Miljødag	Pedagogisk leiar
September		
	Vennskap Miljødag Fellessamling Foreldresamtaler med nye Foreldre møte	Pedagogisk leiar Styrrar
Oktober	FN - dag 24.10	Styrrar
	Barn i andre land- FN - cafe med foreldrekafe Miljødag Fellessamling Førskulegruppe på tur til skulen Foreldresamtaler Fotografering 26.okt	Pedagogisk leiar
November	Tema: Kardemomme by Språktivoli i kardemomme by Miljødag Fellessamling Planleggingsdag 18. november	Pedagogisk leiar
Desember	26.12 er barnehagen stengt. Besøk i kyrkja Søknad om enkeltvedtak	styrrar
	Advent og jul- i kardemommy by-felles julesamlingar Lucia - kafé saman med foreldre 13.12 Nissefest i kardemomme by Miljødag	Pedagogisk leiar AU

Januar	Oppstart etter nyttår 1.januar er barnehagen stengt Planleggingsdag 2.januar	Styrar
	Vinter i kardemomme by Miljødag Fellessamling	Pedagogisk leiar
Februar		
	Karneval i kardemomme by Miljødag Fellessamling Matteklubb	Pedagogisk leiar
Mars	Foreldremøte Planleggingsdag 19.mars	AU oppvekst
	Påske Mattetivoli Miljødag Fellessamling Besøk på SFO og skulen Påskefrukost	Pedagogisk leiar
April	Påskeferie 04.04 - 09.04	
	Våren Miljødag Fellessamling Foreldresamtalar	Pedagogisk leiar
Mai	Barnehagen er stengt 17. mai. Planleggingsdag 18.mai	Styrar
	Nasjonaldagen Idrettens dag Miljødag Fellessamling	Pedagogisk leiar
Juni	Ferieplanlegging Fellessamling Barnehagen er stengt 28.mai -2. pinsedag	Styrar
	Sommar	Pedagogisk leiar

Fagområda

Rammeplanen held fram sju fagområde som alle skal vektleggjast i arbeidet med alle barn i barnehagen. Dei sju områda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur , miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

I Time kommune har me over tid arbeida med barnas basisferdigheitar i forhold til sosial kompetanse, matematikk, språk, tekst og kommunikasjon . I fjor satsa me på å heva vår og barnas kunnskap om digitale verktøy. Dette kjem me til å halde fram med i 2011/2012. Dette året vil me knytta digitale verktøy til tema om barn i andre land, samt at førskulegruppa vil ha dette tema over heile året. Me kjem i prosjektet om Kardemomme by til å ha særleg tre fagområde i fokus: Dei er nærmiljø og samfunn, etikk, helse og kunst, kultur og kreativitet. Målsetjinga for arbeidet med fagområda er at alle barn skal erfare og lære gjennom vektlegging av fagområda i formelle og uformelle situasjonar i kvardagen. Sjå kap 2.3 i rammeplanen.

Det vil avhengje av barnas alder, modning og interesser korleis arbeidet med fagområda blir arbeida med i dei enkelte barnegruppene.

Det er naturleg at det blir vektlagt fleire område inn i tema og opplegg samtidig. Den vaksne må ha god kunnskap og formidlingsevne for å kunne flette fagområda inn i forhold til barnas leik og kvardagsaktivitetar. Det er svært viktig at barna blir sett og høyrte med sine spørsmål og undringar. Barnas eigne interesser skal vektleggast for å kunne imøtekoma barnas medverknad og motivasjon for å lære. Vår lokale tilknytning og rammer spelar og ei rolle.

Det blir utarbeid halvårsplan for kvar aldersgruppe som viser korleis ein vil arbeida med fagområda for å sikre det einskilde barn og barnegruppa som heilskap. Dette blir dokumentert i garderoben gjennom tekst og bilete, på heimesida og på månadsplanen

Det vil i det pedagogiske årshjulet kome tydelig fram korleis arbeidet med fagområda kjem til uttrykk gjennom heile året.

Samarbeidspartnarar

Barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar for å gje eit best mogleg tilbod til barn og foreldre. Heilskapstenking står sentralt.

Våre samarbeidspartnarar:

PPT	Pedagogisk psykologisk teneste. PPT vil koma fast i barnehagen.
Ressursteam	Tverrfagleg team som består av helsesyster, barnevern, PPT og barnehagen.
Familiesenteret	tilbod om samarbeid for familier og/eller barnehage, ulike tilbod
Skulen	Me samarbeider med skulane om overgang frå barnehage til skule. (Me har ein overgangsplan for samarbeidet som er å finne på barnehagen si nettside)
Andre bhg.	Me arbeidar i nettverk med andre barnehagar i Time kommune.
Andre	Me tek imot elevar frå ungdomsskule og vidaregåande skule. Barnehagen har eit tett samarbeid med andrelinje tenestene. Barnehagen samarbeider med lokalsamfunnet.

I tillegg samarbeider me med dei ulike tenestene og tenesteområda på rådhuset.



Administrativt årshjul

Månad	For alle i kommunen Kva skjer i barnehagen?	Ansvar og evaluering
August	Oppstart/tilvenning nye barn fra 16.august Nytt personal Planleggingsdag 15. august Ferie for personal	Styrrar / pedagogisk leiar Styrrar
	Justering av vaktlister, møteplanar mm	Styrrar
September	Foreldremøte m/ valg av SU og AU Oppdatering av ferielister/restferie	Styrrar
	Personalmøte Samtale med alle tilsette	Styrrar
Oktober	Møte samarbeid barnehage - skule	Pedagogisk leiar
	Personalmøte Foreldresamtaler SU møte	Styrrar Pedagogisk leiar Styrrar
November	Sakkyndig tilråding søknad Samarbeid barnehage - skule Planleggingsdag 18.november	Styrrar Pedagogisk leiar Styrrar/oppvekst
Desember	Melde overgang til skulen for barn med særskilte behov Søknad om resurssar til spesialpedagogiske timar. Personalmøte med evaluering	Styrrar/spesialpedagog styrrar
Januar	Planleggingsdag 2. januar Evaluering / planarbeid Nytt budsjett	Styrrar
	Internkontroll HMS-barn	Verneombod/styrrar
Februar	1. februar - søknadsfrist for permisjonar og reduserte stillingar Vedtak om enkeltvedtak/søknad om ekstra ressurssar	Alle tilsette Styrrar
	SU møte Medarbeidarsamtalar Personalmøte	Styrrar Styrrar Styrrar
Mars	Opptak av nye barn-søknadsfrist 1.mars Planleggingsdag 19mars	Styrrar/oppvekst
	Foreldremøte Personalmøte HMS vaksne Vernerunde Brukarundersøking	AU/styrrar Styrrar Verneombod Styrrar/ped.leiarar

April		
	Personalmøte Personaloversikt til neste år	Styrrar Styrrar
Mai	HMS arbeid Planleggingsdag 18.mai	styrar Verneombod
	Personalmøte med evaluering Vaktlister for sommaren	Styrrar Styrrar/tillitsvalgte
Juni	Årsplan og årsmelding Sommerferie avvikling	Styrrar Styrrar
	SU møte med godkjenning av årsplan	Styrrar
Juli	Sommerferie avvikling	

Faste møter/områder:

Personale	Kontor
<ul style="list-style-type: none"> - Personalmøte - Leiarmøte - Nettverk - Arbeidsgrupper (Tras, grupper på rådhuset) - Samarbeid med andre skular og barnehagar - Ressursteam - Medbestemmingsmøte - Organisasjonsutvikling 	<ul style="list-style-type: none"> - Lønn - Regnskap - Arkiv - Post - Handling - Planar, skriv og høyringar - Diverse



Ådalen barnehage
Theodor Dahlsv 68
4355 Kvernaland
Tlf:51481833/90945243
E-post: adalbarn@gmail.com
Heimeside: www.minbarnehage.no/adalen

Time kommune
P.b.38, 4349 Bryne
Tlf. 51 77 60 00
Fax 51 48 15 00
E-post: postmottak@time.kommune.no
Heimeside: www.time.kommune.no

